

## Notat

---

**Saksnr:** 2019/121-15  
**Saksbehandlar** Svein Erik Såtendal  
**Dato:** 24.08.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet  
Arbeidsmiljøutvalet (AMU VLFK)

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Sjukefråvær VLFK 2. kvartal og pr. 1. halvår 2021

### Samandrag

Eigen- og legemeldt sjukefråvær i Vestland fylkeskommune frå andre kvartal 2021 var på 6,36 prosent. Tilsvarande sjukefråvær frå andre kvartal i 2020 var 4,55 prosent. Det er ein auke på 39,92 prosent (1,8 prosentpoeng) frå i fjor til i år. Det er store skilnader mellom avdelingane og mellom dei ulike alders- og stillingsgruppene. Opplæring og kompetanse er den største avdelinga i VLFK. Der har auken i sjukefråværet vore på 45,69 prosent (1,85 prosentpoeng). Sjukefråværet i andre kvartal 2020 var veldig lågt, medan det i år har vore noko høgare enn normalt.

I første halvår har sjukefråværet gått opp frå 5,52 prosent i 2020 til 6,57 prosent i år, ein auke på 19,13 prosent eller vel 1,05 prosentpoeng. I Opplæring og kompetanse var auken på 28,19 prosent (1,36 prosentpoeng).

Endringane som følgje av pandemien har for mange vore opplevd som ei belastning. Dette kan ha medført auka sjukefråvær. Det er likevel umogeleg å angi kor mykje av auken i sjukefråværet som kan relaterast til dette. Registrert koronarelatert eigen- og legemeldt sjukefråvær i VLFK utgjør 0,23 prosent i første halvår. Det reelle koronarelatert fråværet antar både VLFK og NAV er underrapportert.

### Statistikkgrunnlaget


Statistikken er henta frå HR-portalen i VLKF, modulen «Rapportar Innsikt» den 5. august 2021. Det er lagt til grunn aktive arbeidsforhold der tilsette mottek fast månads løn.

### Utvikling

Figur 1 under viser sjukefråværsutviklinga kvartalsvis frå første kvartal 2020 til andre kvartal 2021 for VLFK og heile landet. Den vanlege sesongvariasjonen kjem fram, der det er høgast fråvær i første kvartal. Sjukefråværet har sidan tredje kvartal 2020 vore høgare i VLFK enn i resten av landet. Skilnaden er urovekkande stor i første kvartal 2021 mellom VLFK og resten av landet. Tal for andre kvartal 2021 for heile landet er først klart medio september.

Nav har teke ut data over 4 andre fylkeskommunar sitt sjukefråvær for VLFK. Den visar at Rogaland og Trøndelag fylkeskommune har stigande trend i sjukefråværet, mens Innlandet og Møre Romsdal har stabilt sjukefråvær. Nav har ikkje gitt opplysningar om sjukefråværestalla.

Figur 1 Sjukefråværsutviklinga frå første kvartal 2020 til andre kvartal 2021.



Tabell 1: Diagnose sjukdommar frå 2017 for begge kjønn i heile landet

Diagnose	2017	2018	2019	2020	1 kv. 2021
Allment og uspesifisert	8,7	6,8	8,1	10,3	9,7
Sykdom i fordøyelsesorganene	3,9	4,6	4,8	4,6	5,4
Hjerte- og kar sykdommer	5,6	4,3	4,3	5	1,9
Muskel-/skjelettlidelser	28	31,8	25,8	25,7	25,3
Sykdommer i nervesystemet	5,7	3	5,6	4,3	7,3
Psykiske lidelser	22,7	24,4	27,6	26,8	28,1
Sykdommer i luftveiene	9,1	13,3	8,4	10,8	6,1
Svangerskapssykdommer	3,5	2,6	3,8	2,9	3,6
Andre lidelser	13	9,3	11,5	9,6	12,5

Psykiske sjukdommar har auka i dette tidsrommet. Det er variasjonar i frå fylke til fylke.

Når det gjeld opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har psykiske lidningar auka frå 26,8 prosent i 1 kvartal 2020 til 28,1 prosent i første kvartal i år. Auken i psykiske lidningar har mest truleg samanheng med koronapandemi.

Alle avdelingsdirektørar har fått frist til 10. september med å komme med tiltak til korleis de kan få redusert sjukefråværet med 10 prosent. I høve til IA mål frå 2018, vil VLFK som ny organisasjon, ta utgangspunkt i talla frå 2020.

#### Avdelingsvis sjukefråvær

Det er til dels store forskjellar i sjukefråværet mellom avdelingane i fylkeskommunen. Også internt i avdelingane er det forskjellar. Tabell 2 viser sjukefråværet for 1 halvår 2020 og 2021. Opplæring og kompetanse er den største avdelinga. Sjukefråværet deira for andre kvartal 2021 er 16,09 prosent høgare enn i andre kvartal i 2020. Avdelinga Mobilitet og kollektivtransport har hatt ein reduksjon både i andre kvartal og i første halvår. Alle andre avdelingar har hatt ein auke i same tidsrom.

Tabell 2 - Sjukefråvær pr. avdeling 1. halvår 2020 og 2021.

Enhet	2020			2021			Endring
	Mulig dagsverk	Dagsverk k syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk k syk	Fravær%	
Vestland fylkeskommune	635 075	35 026	5,52 %	632 758	41 576	6,57 %	19,13 %
ORO - ORGANISASJON OG ØKONOMI	55 653	4 556	8,19 %	55 374	5 047	9,11 %	11,33 %
ORO - Eigedom	39 615	3 814	9,63 %	40 179	3 934	9,79 %	1,70 %
SUD - STRATEGISK UTVIKLING OG DIGITALISERING	69 222	6 395	9,24 %	68 845	6 934	10,07 %	9,02 %
SUD - Vestland tannhelseteneste	50 493	5 347	10,59 %	49 763	6 042	12,14 %	14,65 %
INV - INFRASTRUKTUR OG VEG	30 544	794	2,60 %	35 287	1 119	3,17 %	21,97 %
MOK - MOBILITET OG KOLLEKTIVTRANSPORT	17 991	1 113	6,18 %	18 327	660	3,60 %	-41,72 %
INN - INNOVASJON OG NÆRINGSUTVIKLING	8 561	470	5,49 %	8 838	501	5,67 %	3,28 %
OPK - OPPLÆRING OG KOMPETANSE	439 784	21 238	4,83 %	433 069	26 809	6,19 %	28,19 %
KII - KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING	12 536	458	3,65 %	12 247	502	4,10 %	12,29 %
	<b>634 922</b>	<b>35 026</b>	<b>5,52 %</b>	<b>632 636</b>	<b>41 576</b>	<b>6,57 %</b>	<b>19,13 %</b>

Organisasjon og økonomiavdelinga har satt ned ein arbeidsgruppe som skal arbeide for å få ned sjukefråværet i avdelinga. Eigedom har eit eige prosjekt som arbeider med sjukefråværet for reinhaldarar.

Vestland tannhelseteneste skal ha eit ekstraordinært AMU møte i veke 36. Der vil dei diskutere kva tiltak som kan settast i verk for å redusere sjukefråværet på lang og kort sikt.

#### Fråværslengde og kjønn

Sjukefråværet i VLFK er ca. 80-90 prosent høgare for kvinner enn for menn. Dette er vanleg i norsk arbeidsliv. Skilnaden mellom kjønnene er noko mindre for korttidsfråværet enn for langtidsfråværet.

I tabell 3 kjem det fram at fråvær over 16 dagar (legemeldt langtid) utgjer hovudtyngda av det samla fråværet. Utviklinga frå tredje kvartal 2020 viser at langtidsfråværet utgjer ein stadig større del av det totale fråværet. Langtidsfråværet har i denne perioden økt med ca. 25 prosent. Det er ei urovekkande trend. I andre kvartal i år var det på 5,21 prosent, mens det totale sjukefråværet var på 6,36 prosent.

Tabell 3 - Sjukefråvær fordelt på lengde og kjønn frå tredje kvartal 2020 til og med andre kvartal 2021.

Kvartal	Kjønn	ÅV	Mulig dagsverk	Egenmeldt	Legemeldt		Tilfeller	Dagsverk	%
				%	Korttid	Langtid			
2020-Q3	K	3187	139742	1,28 %	1,04 %	5,24 %	1700	10 558	7,56 %
2020-Q3	M	2303	102615	0,75 %	0,58 %	2,71 %	594	4 136	4,03 %
2020-Q3	<b>Total</b>	<b>5490</b>	<b>242357</b>	<b>1,05 %</b>	<b>0,84 %</b>	<b>4,17 %</b>	<b>2294</b>	<b>14 694</b>	<b>6,06 %</b>
2020-Q4	K	3220	190181	1,26 %	0,79 %	5,93 %	2175	15 178	7,98 %
2020-Q4	M	2316	141462	0,77 %	0,45 %	2,69 %	736	5 523	3,90 %
2020-Q4	<b>Total</b>	<b>5537</b>	<b>331642</b>	<b>1,05 %</b>	<b>0,64 %</b>	<b>4,55 %</b>	<b>2911</b>	<b>20 701</b>	<b>6,24 %</b>
2021-Q1	K	3222	190427	1,07 %	0,64 %	6,83 %	2128	16 273	8,55 %
2021-Q1	M	2318	141165	0,67 %	0,42 %	3,26 %	760	6 147	4,35 %
2021-Q1	<b>Total</b>	<b>5540</b>	<b>331591</b>	<b>0,90 %</b>	<b>0,55 %</b>	<b>5,31 %</b>	<b>2888</b>	<b>22 420</b>	<b>6,76 %</b>
2021-Q2	K	3222	173629	0,87 %	0,53 %	6,59 %	1599	13 881	7,99 %
2021-Q2	M	2320	127538	0,43 %	0,38 %	3,33 %	534	5 275	4,14 %
2021-Q2	<b>Total</b>	<b>5542</b>	<b>301167</b>	<b>0,68 %</b>	<b>0,46 %</b>	<b>5,21 %</b>	<b>2133</b>	<b>19 156</b>	<b>6,36 %</b>

## Stillingsgrupper

Det er store variasjonar mellom stillingsgruppene i fylkeskommunen. Nokre av gruppene har redusert fráværet i første halvår frå 2020 til 2021: driftspersonell, leiar fylkesadministrasjon og tannpleiar. Alle andre stillingsgrupper har hatt ein auke i fráværet.

Pedagogar er den største stillingsgruppa med ca. 49 prosent av moglege dagsverk. Deira frávær har auka med 25,91 prosent frå 1 halvår 2020 til 2021. Det er hovudårsaka til at fráværet for fylkeskommunen har auka med 19,13 prosent i same tidsrom.

Det har også vore ein stor auke i fráværet for miljøarbeidarar. Dei stillingsgruppene som hadde det høgste sjukefráværet i første halvår 2021 var reinhaldarar, miljøarbeidarar, tannlegar og tannhelsesekretærar.

Tabell 4 - Sjukefrávær fordelt på stillingsgrupper, første halvår 2020-2021

Arbeidsforhold - Stilling	2020			2021			Endring
Stillingsgruppe	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Fravær%
Skuleleiarar	30 630	1 123	3,67 %	31 011,7	1 145	3,69 %	0,72 %
Pedagogar	316 730	14 081	4,45 %	309 757,7	17 339	5,60 %	25,91 %
Miljøarbeidarar	28 707	1 946	6,78 %	29 604,6	3 420	11,55 %	70,37 %
Kontorpersonell	34 415	2 593	7,53 %	33 315,9	2 522	7,57 %	0,49 %
Reinhaldarar	24 110	2 843	11,79 %	24 445,8	3 158	12,92 %	9,58 %
Driftspersonell	12 303	790	6,42 %	12 307,2	729	5,92 %	-7,78 %
Tannlege	15 697	1 490	9,49 %	15 527,3	1 794	11,55 %	21,72 %
Tannpleiar	6 364	703	11,04 %	6 636,5	640	9,64 %	-12,67 %
Tannhelsesekretær	20 169	2 576	12,77 %	19 781,7	2 939	14,86 %	16,33 %
Leiarar Fylkesadministrasjonen	16 709	521	3,12 %	16 856,7	339	2,01 %	-35,46 %
Rådgjevarar	104 558	4 518	4,32 %	108 967,2	5 604	5,14 %	19,01 %
Andre	24 683	1 844	7,47 %	24 545,5	1 947	7,93 %	6,17 %
<b>Totalt VLFK</b>	<b>635 075</b>	<b>35 026</b>	<b>5,52 %</b>	<b>632 757,8</b>	<b>41 576</b>	<b>6,57 %</b>	<b>19,13 %</b>

## Aldersgrupper

Samla sjukefråvær vil normalt auke med alderen. Korttidsfråværet er høgare blant unge enn eldre.

Sjukefråværet har gått ned i aldersgruppene under 20 og 20-29. Auken i sjukefråværet har aldersgruppene 50-59 og over 59 har vore stor. Skilnadene i sjukefråværet mellom aldersgruppene er større no enn i tilsvarende periode i 2020.

Tabell 5 - Sjukefråvær fordelt på aldersgrupper for 1 halvår 2021-2021

Organisasjon	2020			2021			Endring
Aldersgruppe	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Fravær%
Under 20	3 313	147	4,42 %	3 876,8	162	4,18 %	-5,39 %
20 - 29	42 616	2 007	4,71 %	41 182,1	1 833	4,45 %	-5,49 %
30 - 39	112 971	6 137	5,43 %	116 421,1	6 934	5,96 %	9,64 %
40 - 49	167 166	8 527	5,10 %	163 353,8	9 585	5,87 %	15,03 %
50 - 59	196 779	10 635	5,40 %	196 852,3	13 615	6,92 %	27,97 %
Over 59	112 231	7 573	6,75 %	111 071,6	9 447	8,51 %	26,04 %
	<b>635 075</b>	<b>35 026</b>	<b>5,52 %</b>	<b>632 757,8</b>	<b>41 576</b>	<b>6,57 %</b>	<b>19,13 %</b>

## Sjukefråvær blant pedagogar

Sjukefråværet for begge kjønn har auke omtrent like mykje frå første halvår 2020 til første halvår 2021.

Tabell 6 - Sjukefråvær pedagogar fordelt på kjønn i 1 halvår 2020 og 2021

	2020			2021			Endring
Kjønn	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Fravær%
Kvinne	165 863	8 746	5,27 %	162 496	10 729	6,60 %	25,21 %
Mann	150 868	5 335	3,54 %	147 261	6 609	4,49 %	26,92 %
Sum	<b>316 731</b>	<b>14 081</b>	<b>4,45 %</b>	<b>309 757</b>	<b>17 339</b>	<b>5,60 %</b>	<b>25,91 %</b>

Sjukefråvær fordelt på aldersgruppe viser at det har vore ein auke i sjukefråværet i alle aldersgrupper. Auken har vore størst i aldersgruppene 50-59 og over 59 år.

Tabell 7 - Sjukefråvær pedagogar fordelt på aldersgruppe i første halvår 2020 og 2021

	2020			2021			Endring
Aldersgruppe	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Fravær%
20 – 29	16 566	531	3,21 %	16 276,5	531	3,26 %	1,69 %
30 – 39	58 740	2 377	4,05 %	57 557,6	2 719	4,72 %	16,71 %
40 – 49	93 256	3 313	3,55 %	90 349,7	3 809	4,22 %	18,67 %
50 – 59	90 518	4 204	4,64 %	90 254,6	5 673	6,29 %	35,32 %
Over 59	57 651	3 655	6,34 %	55 319,2	4 608	8,33 %	31,39 %
Sum	<b>316 730</b>	<b>14 081</b>	<b>4,45 %</b>	<b>309 757,7</b>	<b>17 339</b>	<b>5,60 %</b>	<b>25,91 %</b>

27 av 48 skular har hatt ein auke i sjukefråværet frå første halvår 2020 til 2021. Auken på skulene har vore i frå 8,4 til 802,91 prosent. 11 skular har hatt ein auke på meir enn 100% i sjukefråværet. Fråværet blant pedagogar på skulane i 1 halvår 2021 varierer frå 0,59 til 9,63 prosent.

#### Sjukefråvær mellom miljøfagarbeidar

Sjukefråværet for menn har auka med 20,67 prosent frå 1 halvår 2020 til 1 halvår 2021. I same tidsrom har auka for kvinner vore på 89,52%.

Tabell 8 - Sjukefråvær miljøfagarbeidar fordelt på kjønn i 1 halvår 2020 og 2021

Organisasjon	2020			2021			Endring
	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	
Kvinne	19 251	1 467	7,62 %	19 494,9	2 816	14,45 %	89,52 %
Mann	9 456	479	5,06 %	10 113,7	618	6,11 %	20,67 %
Sum	<b>28 707</b>	<b>1 946</b>	<b>6,78 %</b>	<b>29 608,6</b>	<b>3 434</b>	<b>11,60 %</b>	<b>71,08 %</b>

21 av 44 skular har hatt ein auke i sjukefråværet frå første halvår 2020 til 2021. Fråværet blant miljøfagarbeidar i 1 halvår 2021 varierer frå 0,25 til 26,97 prosent på skulane.

#### Sjukefråvær blant rådgjevarar

Sjukefråværet for mannlege rådgjevarar er redusert med 4,47 prosent frå 1 halvår 2020 til 2021. I same periode for kvinner har det vore ein auke på 32,38%.

Tabell 9 - Sjukefråvær rådgjevarar fordelt på kjønn i 1 halvår 2020 og 2021

Kjønn	2020			2021			Endring
	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær %	Mulig dagsverk	Dagsverk k syk	Fravær %	
Kvinne	54 489	3 035	5,57 %	55 721,2	4 108	7,37 %	32,38 %
Mann	50 070	1 483	2,96 %	53 251,4	1 507	2,83 %	-4,47 %
	<b>104 558</b>	<b>4 518</b>	<b>4,32 %</b>	<b>108 972,6</b>	<b>5 615</b>	<b>5,15 %</b>	<b>19,26 %</b>

Det er i avdelingane Kultur, idrett og integrering, Opplæring og kompetanse og Strategisk utvikling og organisering auken i sjukefråværet har vært størst for kvinnelege rådgjevarar.

#### Sjukefråvær pga. karantene/korona

I 2020 vart det innført egne sjukefråværskodar for sjukmelding og eigenmelding pga. karantene eller korona-sjukdom. Desse kodane vart gjeldande allereie i mars månad, dvs. frå første kvartal. Omfanget av slikt fråvær kan vere større enn statistikken viser, dersom denne koden ikkje har vore nytta konsekvent.

Tabell 10 viser kvartalsvis utvikling av korona-relatert sjukefråvær for heile VLFK.

Q1 2020	Q2	Q3	Q4	Q1 2021	Q2	2020 Total	2021 Total	Sykefravær%
0,26 %	0,17 %	0,36 %	0,38 %	0,28 %	0,18 %	<b>0,29 %</b>	<b>0,23 %</b>	<b>0,27 %</b>

Det er særleg innan Eigedom, Tannhelse og Opplæring at dette fråværet har hatt noko omfang, sjølv om det alt i alt er små tal.

## Målsetting for sjukefråvær i VLFK

I AMU-vedtaket om IA-arbeid i VLFK frå 4. desember 2019, vart det slått fast at fylkesdirektørane får ansvar for å utvikle eigne måltal for sjukefråværet, med utgangspunkt i det nasjonale målet om 10 prosent reduksjon ut frå 2018-nivået, målt ved utgangen av år 2022. For heile 2018 hadde dei to fylka eit samla årsgjennomsnitt for sjukefråvær på 5,9 prosent. Skal fylkeskommune følgje opp den nasjonale IA-satsinga, vil det vere eit overordna mål å redusere sjukefråværet til ca. **5,3 prosent** i årsgjennomsnitt.

Enhet	2020			10% reduksjon
	Mulig dagsverk	Dagsverk syk	Fravær%	Mål 2022
ORO - ORGANISASJON OG ØKONOMI	106 643	8 688	8,15 %	7,33 %
SUD - STRATEGISK UTVIKLING OG	131 664	13 065	9,92 %	8,93 %
INV - INFRASTRUKTUR OG VEG	61 485	1 724	2,80 %	2,52 %
MOK - MOBILITET OG	34 633	1 780	5,14 %	4,62 %
INN - INNOVASJON OG	16 475	928	5,63 %	5,07 %
OPK - OPPLÆRING OG KOMPETANSE	832 600	43 390	5,21 %	4,69 %
KII - KULTUR, IDRETT OG INKLUDERING	23 897	844	3,53 %	3,18 %
<b>Totalt</b>	<b>1 208 562</b>	<b>70 422</b>	<b>5,83 %</b>	<b>5,24 %</b>

Dersom sjukefråværet i andre halvår i år blir tilnærma lik for andre halvår 2020, vil sjukefråværet ende på ca. 6,3 prosent totalt for VLFK. Dette er lite truleg grunna det høge langtidsfråværet i første halvår i år.